

Forslaget til utbyggingsplanen for Vågen på Skorpo som no er sendt til offentleg høyring møter ein merknad frå fylkeskommunen som gjeld kva form detaljplanen skal ha.

Hovudføremålet med dette planarbeidet er å kunne leggja til rette for bygging av hytter. I kommunedelplanen er spreidd hyttebygging tillatt med inntil fire hytter.

Fylkeskommunen ser det som positivt at det vert utarbeidd ein detalplan som grunnlag for utbygginga, men gjer merksam på at utbyggingsplan berre kan nyttast dersom det i kommunedelplanen er sett krav om ei slik planform.

Ut frå fylkeskommunen sin kjennskap til gjeldande kommunedelplan ligg det ikkje føre eit slikt krav, noko som medfører at ein detalplan må fremjast som reguleringsplan.

Fylkeskommunen bed om at det blir teke omsyn til dette og også eventuelle kulturminne i den vidare prosess. Dei har ikkje no kjennskap til aautomatisk freda kulturminne eller andre vernverdige kulturminne i planområdet, men det føreligg plikt til å visa aktsemd og til straks å melda frå dersom ein skulle støyta på slike.

Av Ola Matti Mathisen